

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23.

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fyresdal

Emne: Bordskikk til kvardags.

Bygdelag:

Oppskr. av: Einar Stollenberg

Gard:

(adresse): Fyresdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. ~~Eller om den er etter andre heimsmenn~~ (ta også med alder, heimstad, yrke):  
met. Andreas Borge 76 år på Borge i Hauggrend Har varit kare av deus man  
og L. W. Borge 88 - tie hi i Ligrand Har varit jersmer.

SVAR

1-6.


I Fyresdal hadde dei på dei fleste gardene berre ei stoge. Der laga dei maten og der åt dei. Til kvardags åt sjølvfolket og tjenstefolket same maten og ved same bordet. Var det mange arbeidsfolk kunne det høve at karane åt først, kvende og born måtte eta etterpå.

I nyare tid er det stoge og kjøken på dei fleste gardene. Det vanlege er at dei ét på kjøkenet til kvardags, sjølvfolk og tjenstefolk saman som før. Til helgja ét ogso alle i stoga.

Stoga var det i gamal tid både langbord og skive. Det var vanleg å eta ved skiva til kvardags.

7.

Plassene var slik vedskiva,





2.

*ved bordenden*

Ved langbordet sat husbonden överst (lengst frå inn- gangsdyrni) . Dette var högsete . Tjenstefolket sat nederst.

8.

Børna måtte stå ved bordet og eta til dei var i 10 - 12 årsaldren . Denne skikken varte ved til omlag år 1900 .

9.

Husbonden sitt framleis överst ved bordenden , men mamnet högsete held på å gå i glöyme .

10.

I ei moderne stoge er det ikke nokon fast hedersplass .

11.

I gamal tid var det ikkje skikk å vaska hendene før ein gjekk til bords , men alt før år 1900 var nok dei fleste börja med det, ennda ein nok kan seia at den gamle skikken har haldi seg sume stader til no .

Den gamle skikken var at karane hadde lua *eller hatten* på heile dagen , ute og inne . Når dei hadde set seg til bords , tok dei hatten eller lua av og sette den på kneet mens dei las for maten , *og åt med hatten på*

12 og 13 .

Sume stader auste husmor grauten opp i eit traug og sette på bordet , men meir ålment var det å setta gryta på bordet på ein rund fjöl „grytefjöla“ . Mjölka var i ei bolle . Kvar tok ei tugge av grauten i skeia og duppa i mjölka og åt . Å oppgi nokon bestemt tidspunkt då kvar <sup>ein</sup> først fekk sin eigen kopp ved bordet, er ikkje lett . Det börja i 90åra sume stader , nomen det tok over 20 år før det var komi overallt . Til grautnyttar ein helst små bollar (spilkummar) . Nå eta avdsame fatet tok for det meste slutt omlag år 1900 . No for tida duppar dei

7630



3.  
grautetugga imjölkekoppen , dei yngre drikk beint av koppen til maten .

Det er nok så at det er kaffidrikkinga som er først orsaka til at folk fekk ein kopp til kvar ved bordet .

For ein framand som skulle eta ilag med husets folk, vart det ikkje gjort ser-skild servering .

14 .

Det var vanleg å leggja kjøtt , flesk , fisk og anna slik mat på ei bete braud (flatbröd) på bordet , edet vart kalla "slabbemöla" . *Den skulle ein eta illgjod, annat var ikkje god skikk.*

15 .

Det var ikkje mokon skikk om sukkerbeta til kaffin .

16 .

Å drikka kaffien av skålen var vanleg god skikk .

17 og 18 .

Enno i slutten av 80åra var det mange stader dei ikkje hadde gaffel og heiler knivar til fleire enn husets folk . Framandfolk t. d. arbeidsfolk som skulle ha kosten, måtte ha kniv med seg . Karane hadde helst tolleknivar , kvende helst slagknivar . *(falleknivar)*

19 .

Inntil ut i 90åra var treskeiar til dagleg bruk det vanlege i Fyresdal . Kvar ein hadde si skei som ofte var merka med namnet til eigaren n. Når ein hadde eti , turka ein skeia av på stakken eller buksebaken og stakk skeia inn i ei sprunge i veggen . Slikt var enno å sjå då eg kom til Fyresdal i 1916 . Elles var det nok det vanlege å vaska skeiene <sup>alt</sup> år 1900 . Og den tida tok metal<sup>på</sup> skeier <sup>å</sup> koma i bruk .

20 .

Kopper , skåler og tallerkener av stentøy hadde

7630



4.  
det nok vori i langetid i Fyresdal , men først i 90åra  
kom tallerkner i dagleg bruk , og avløste då fellesfatet .  
*steikepanna står enn på bordet til dagleg.*

21 .

I gamal tid nytta ein ikkje bordduk til dagleg .

No for tida er det heller ikkje mange som gjer det .

22 .

Sume har måla <sup>bord</sup> , andre har kviskura bord . Mange  
har ogso voksduk til dagleg bruk k.

23-25 .

Det var berre kjøtt og flesk som vart etla .

Om rekkefylgje , om kor mykje kvar <sup>og annat slikt</sup> skulle ha , har det  
knappt nok vori nokon fast skikk .

26 .

Om dette er her ingen fast skikk .

27 .

Det har vori vanleg å tugga maten åt små born .

Dette er det heilt slutt med for lenge sidan .

28 .

Å lesa for maten var ålmen skikk i gamal tid .

Kvar skulle lesa for seg . Det gjekk slik for seg . Ein  
la hendene samla i fanget , böygde hovudet og kviskra :  
"Jesse namn for maten" . eller : "Gu skje lov for maten" .

Dette höyrdes for det meste som : sssjkss . Her er for-  
talt om ungar som har mora seg med å gjera nar av bord-  
bönen ved å lesa slikt som E: Eskelokk for maten .

Etter at dei hadde eti , var bönen : Jesse namn  
takk for maten .

Denne skikken har halde seg ~~sume~~ <sup>heinsan</sup> stader inn i vor  
tid . Og i mange <sup>heinsan</sup> vert det lesi for maten i dag, men no  
er det ein som les högt . Det kan vera husfar eller hus-

7630



5.  
mor eller eit av borna . Her skal vera stader der dei syng  
eit lite salmevers for maten . *Stikke mamma går sumo på bordet.*

29 - 31 .

I gamal tid skulle det vera stille ved bordet .

Maten var heilag . Hadde ein noko å seia , måtte ein kviskra , ( musa ) . Å le eller synga var forbodet .

I vor tid tek ingen det lenger so nöye med dette .

I dei fleste heimane får jamvel borna lov til å snakke ved bordet .

32 .

Berre husfar kunne gå frå bordet för alle hadde eti , og husmor når ho hadde det travelt .

33 .

Å seia takk for maten både til husfar og til husmor

har alltid vori god skikk . Var det ein gjest som takka for maten , svara husmor : Sett deg ned og aldri ens .

35 - 36 ,

Når ein framand kom inn mens folk sat ved bordet , skulle han seia , Signe maten . Signe spisen , sa sume .

For det meste vart han beden til bords å eta med .

Men dette kom an på kvenn den framande var . Slik er skikken enno .

37 .

Om dette har det knapt vori nokon fast skikk .

38 .

I ~~sume~~ <sup>mange</sup> heimar sto kaffikjelen på heile dagen , og ein kopp skulle alle ha som kom inn . Dette vert meire og meire sjeldan .

39 - 41 .

Ein uvan gjest (ein som ein dagleg var saman med)

vart beden å eta i lag med husetsfolk . Slik er det enno .

Men var det ein som ein skulle gjera stas på , skulle han



i gamal tid eta på kammerset . Det vart laga serskildt mat for han av det beste folk hadde , ofte feitegraut .

Når maten vart set fram og han hadde set seg til bords , gjekk sjölvefolket ut og dyrna vart attleti . Han skulle få eta heilt åleine . Denne skikken var det enno restar

etter i 1916 då eg første gong kom til Fyresdal . I vor tid kan ein ikkje seia der er nokon fast skikk lenger .

Er det så at gjesten har erend berre til bonden , vert det <sup>helst</sup> dekka <sup>han</sup> istoga der et i lag med husfaren . Elles et han i lag med heile huset i stoga .

Å bjo av (å la seg nöad) var fast skikk alle stader i Fyresdal like bürt i mot 1930 og er ikkje heilt avlagd enno . Det gjekk helst slik for seg .

Etter at maten er set fram seiar husfar eller husmor :

No får du sjå til å få deg mat . Dette er enno uvanne saker .

Gjesten : Takk , det er no ikke lenge sidan eg åt .  
eller Eg har nyss eti .

Husfar: Nei no må du ikkje vera for öven .

Gjesten : Nei dette var no reint sjavilli .

Husfar : Nei et no då .

Gjesten : Dette her er det no ingen meining i .

o.s.b.